

# Bli sensor

Sensorerfaring gjev fagleg tyngd





### **TRE GODE GRUNNAR TIL Å BLI SENSOR:**

1. Du får auka kompetanse i vurdering
2. Du får kunnskap om læreplanmål og vurdering
3. Du får ekstra inntekt



## **VED Å BLI SENSOR TILFØRER DU ÒG SKOLEN DIN VIKTIG KOMPETANSE**

Vurdering er eit sentralt tema i Kunnskapsløftet, og mange lærarar og skolar melder at dei har behov for etterutdanning og kurs i nettopp dette. No er det mogleg for deg å tilføre både deg sjølv og skolen din ekstra kompetanse i vurdering gjennom å bli sensor.

## **DU ER EIN AKTUELL SENSORKANDIDAT**

Det er eit aukende behov for nye sensorar i vidaregåande opplæring. Vi har derfor bedt rektorar oppmode aktuelle lærarar om å melde si interesse. Sei frå til rektor dersom du ønskjer å bli sensor. Rektor vidareformidlar namnet ditt til fylkesmannen, som vel ut og har den formelle oppnemninga av sensorar.





### **ARBEIDSMENGD**

Eksamensperioden startar etter 17. mai og varer fram til cirka 5. juni. Eksamenssvara skal sendast til sensorane rett etter at eksamen i faget er halden. Talet på svar er i snitt 200 per sensor. Alle svara skal vere ferdig sensurerte til fellessensuren som blir halden cirka 18. juni.

### **GOD BETALING**

Sensorane blir lønna etter satsen for lektor med tilleggsutdanning. Det er rekna med 26 minutt per svar og seks timar med for- og etterarbeid. Med utgangspunkt i snittet på 200 eksamenssvar per sensor kan du rekne med å tene cirka 25 000 kroner brutto.

### **INGA BINDING**

Som sensor bind du deg berre for ein periode om gongen. Kvifor ikkje prøve å vere sensor i samband med eksamen til våren? Trivst du med jobben, kan du melde deg som sensor på nytt.



### **LYST TIL Å PRØVE DEG?**

Sei frå til rektor så snart som mogleg og seinast 15. februar!

### **TRE OM Å VÆRE SENSOR:**

Sensurerfaring gir tryggleik og kompetanse. At eg dessutan møter gode kollegaer, er rein bonus!

*Rune Olav Aarseth, lektor Spjelkavik vgs*

Sensorarbeidet er viktig for en felles standard for vurderingsarbeidet i skolen, og dermed også for skolens utvikling. Den enkelte lærer får svært verdifull kunnskap om både fag og vurdering.

*Lucie Kjelvik, rektor Levanger vgs*

Det som har vært mest nyttig og positivt ved å være sensor, er å møte andre lærere i faget, utveksle erfaringer og sikre en lik vurdering av elevene. Det gir en trygghet i mitt arbeid som faglærer.

*Liv Mona Ramberg, adjunkt, Wang vgs/Wang Toppidrett*

Kolstadgata 1  
Kjølberggata 31  
Postboks 2924 Tøyen  
0608 OSLO

Parkgata 36  
2317 HAMAR

Britveien 4  
6411 MOLDE

Telefon 23 30 12 00  
Telefaks 23 30 12 99  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)  
[post@utdanningsdirektoratet.no](mailto:post@utdanningsdirektoratet.no)

